



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 78

(2007–2008)

Om lov om endringer i aksjelova og allmennaksjelova

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 19. september 2008,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Justisdepartementet gjer i proposisjonen framlegg om endringar i lov 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskaper (aksjeloven) og lov 13. juni 1997 nr. 45 om allmennaksjeselskaper (allmennaksjeloven).

Allmennaksjelova kapittel 13 har reglar om fusjon. Eit vedtak om fusjon blir gjort ved at generalforsamlinga i kvart selskap som tar del i fusjonen, godkjenner ein felles fusjonsplan. Det følgjer av allmennaksjelova § 13-10 at uavhengige sakkunnige skal utarbeide ei utgreiing om fusjonsplanen. I proposisjonen foreslår Justisdepartementet eit nytt fjerde ledd i § 13-10 om at krava om utgreiing i første og andre ledd ikkje gjeld dersom alle aksjeeigarane er samde om det. Allmennaksjelova § 14-4 tredje ledd om fisjon viser til § 13-10. Endringsforslaget får med det verknad også for fisjon.

Framlegget har bakgrunn i Europaparlaments- og rådsdirektiv 2007/63/EF, som gjer endringar i tredje selskapsdirektiv (78/855/EØF) om fusjon og sjette selskapsdirektiv (82/891/EØF) om fisjon.

Tredje og sjette selskapsdirektiv gjeld berre for allmennaksjeselskap. Endringsdirektiv 2007/63/EF har såleis ikkje noko å seie for aksjeselskapa. Justisdepartementet gjer likevel framlegg om endringar også i aksjelova § 13-10, då det ikkje er grunn til å ha andre reglar for aksjeselskapa enn for allmennaksjeselskapa på dette punktet.

2 Bakgrunnen for lovframlegget

Europaparlamentet og Rådet for den europeiske union vedtok den 13. november 2007 direktiv 2007/63/EF om endring av Rådets direktiv 78/855/EØF og 82/891/EØF når det gjeld kravet til ein rapport frå ein uavhengig sakkunnig i samband med fusjon eller fisjon av allmenne selskap med avgrensa ansvar. Ved EØS-komiteens vedtak nr. 58 av 25. april 2008 vart direktivet innlemma i EØS-avtalen ved ei endring av vedlegg XXII (selskapsrett) til avtalen. I vedtaket i EØS-komiteen er det gjort atterhald om samtykkje frå Stortinget, då gjennomføring av direktivet i norsk rett inneber lovendring, jf. Grunnlova § 26 andre ledd. I St.prp. nr. 78 (2007-2008) ber Utanriksdepartementet om Stortingets samtykkje til godkjenning av EØS-komiteens vedtak.

Direktivet gjer det naudsynt med endringar i reglane i allmennaksjelova § 13-10, jf. § 14-4 tredje ledd, om at uavhengige sakkunnige skal utarbeide ei utgreiing om fusjonsplanen eller fisjonsplanen. Ei slik endring av allmennaksjelova gjer det aktuelt å vurdere endringar også i dei tilsvarende reglane i aksjelova § 13-10, jf. § 14-4 tredje ledd.

Justisdepartementet sende med dette som bakgrunn 17. april 2008 ut eit høyringsbrev om endringar i allmennaksjelova og aksjelova § 13-10, jf. § 14-4 tredje ledd. Høyringsbrevet vart sendt til følgjande instansar:

Alle departementa
Brønnøysundregistra
Folketrygdfondet

Forbrukarombodet
 Forbrukarrådet
 Konkurransetilsynet
 Kredittilsynet
 Noregs Bank
 Regjeringsadvokaten
 Riksadvokaten
 Riksrevisjonen
 Statistisk sentralbyrå
 Verdipapirsentralen
 ØKOKRIM
 Akademikerne
 AksjeNorge
 Aksjonærforeningen
 Bedriftsforbundet
 Den Norske Advokatforening
 Den norske Revisorforening
 Det norske Veritas
 Eiendomsmeglerforetakenes Forening
 Finansforbundet
 Finansieringsselskapenes forening
 Finansnæringens Hovedorganisasjon
 Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon
 Handelshøyskolen BI
 KS (kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon)
 Landsorganisasjonen i Norge
 Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening
 Norges Fondsmeglerforbund
 Norges Handelshøyskole
 Norges Juristforbund
 Norges Kreditorforbund
 Norges Rederiforbund
 Norske Finansanalytikerens Forening
 Norske Forsikringsmeglerens Forening
 Norske Inkassobyråers Forening
 Norsk Investorforum
 Norsk senter for menneskerettigheter
 Næringslivets Hovedorganisasjon
 Oslo Børs ASA
 Siviløkonomene
 Skatterevisorenes Forening
 Sparebankforeningen i Norge
 Universitetet i Bergen, Det juridiske fakultet
 Universitetet i Oslo, Det juridiske fakultet
 Universitetet i Tromsø, Det juridiske fakultet
 Verdipapirfondenes Forening
 Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund

Fornyings- og administrasjonsdepartementet
 Forsvarsdepartementet
 Helse- og omsorgsdepartementet
 Kultur- og kyrkjedepartementet
 Landbruks- og matdepartementet
 Miljøverndepartementet
 Nærings- og handelsdepartementet
 Olje- og energidepartementet
 Samferdselsdepartementet
 Utanriksdepartementet
 Brønnøysundregistra
 Konkurransetilsynet
 Noregs Bank
 Riksadvokaten
 Statistisk sentralbyrå
 Arbeidsgiverforeningen Spekter
 Den norske Revisorforening
 Eiendomsmeglerforetakenes Forening
 Finansnæringens Hovedorganisasjon
 Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon
 Landsorganisasjonen i Norge
 Norske Finansanalytikerens Forening
 Næringslivets Hovedorganisasjon

Av disse har følgjande instansar gitt uttrykk for at dei ikkje har merknader: *Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Finansdepartementet, Fornyings- og administrasjonsdepartementet, Forsvarsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Kultur- og kyrkjedepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Miljøverndepartementet, Olje- og energidepartementet, Samferdselsdepartementet, Utanriksdepartementet, Konkurransetilsynet, Noregs Bank, Riksadvokaten, Statistisk sentralbyrå, Arbeidsgiverforeningen Spekter og Eiendomsmeglerforetakenes Forening.*

3 Nærmare om direktiv 2007/63/EF

Direktiv 2007/63/EF har som formål å forenkle dei administrative byrdene ved fusjon og fisjon. Direktivet følgjer opp «A strategic review of Better Regulation in the European Union» av 14. november 2006, KOM (2006) 689, og «Action Programme for Reducing Administrative Burdens in the European Union» av 24. januar 2007, KOM (2007) 23.

Direktivet gjer for det første endringar i *tredje selskapsdirektiv (78/855/EØF) om fusjon*. Etter artikkel 10 i fusjonsdirektivet skal uavhengige sakkunnige gå gjennom fusjonsplanen, og dei skal utarbeide ein skriftleg rapport til aksjeeigarane.

Høyringsfristen vart sett til 17. juni 2008. Følgjande instansar har svart:

Arbeids- og inkluderingsdepartementet
 Finansdepartementet

Direktiv 2007/63/EF innfører eit nytt nr. 4 i artikkel 10, som går ut på at det ikkje er krav om undersøking av fusjonsplanen eller rapport frå ein uavhengig sakkunnig dersom alle aksjeeigarane og innehavarane av andre verdipapir som gir stemmerett i selskapa som deltar i fusjonen, er samde om dette.

Artikkel 11 nr. 1 i fusjonsdirektivet har reglar om kva for dokument som skal vere tilgjengelege for aksjeeigarane før generalforsamlinga som skal ta stilling til fusjonsplanen. Som ein konsekvens av endringa av artikkel 10 endrar direktiv 2007/63/EF bokstav e i artikkel 11 nr. 1, slik at det går fram at rapporten etter artikkel 10 berre skal vere tilgjengeleg for aksjeeigarane der det er krav om ein slik rapport.

Direktiv 2007/63/EF gjer òg endringar i *sjette selskapsdirektiv (82/891/EØF) om fisjon*. Fisjonsdirektivet har som fusjonsdirektivet føresegnar om at uavhengige sakkunnige skal utarbeide ein rapport om fisjonsplanen, jf. artikkel 8, men artikkel 10 i dette direktivet opnar allereie for at medlemsstatane kan tillate at ein gjer unnatak frå mellom anna kravet i artikkel 8 dersom alle aksjeeigarane og innehavarane av verdipapir som gir stemmerett i selskapa, har gitt avkall på dette. Endringsdirektivet endrar artikkel 10 slik at unnataket går fram direkte av direktivet. Det inneber at det ikkje lenger er opp til medlemsstatane å avgjere om det skal gjelde eit unnatak frå kravet om at uavhengige sakkunnige skal utarbeide ein rapport, dersom alle aksjeeigarane er samde om det.

Også i fisjonsdirektivet er det gjort ei konsekvensendring i artikkel 9 nr. 1 om at rapporten skal vere tilgjengeleg for aksjeeigarane. Bokstav e i artikkel 9 nr. 1 er endra slik at det går fram at rapporten etter artikkel 10 berre skal vere tilgjengeleg for aksjeeigarane der det er krav om at det skal utarbeidast ein slik rapport.

Tredje og sjette selskapsdirektiv gjeld berre for allmennaksjeselskap. Endringsdirektivet har difor ikkje noko å seie for reglane i aksjelova.

Endringane i fusjonsdirektivet og fisjonsdirektivet inneber at det også for nasjonale fusjonar og fisjonar blir mogeleg å gjere unnatak frå kravet om at uavhengige sakkunnige skal utarbeide ein rapport til aksjeeigarane, slik det allereie er etter direktiv 2005/56/EF om fusjon over landegrensene, jf. artikkel 8 nr. 4 i dette direktivet.

Endringsdirektiv 2007/63/EF skal etter artikkel 4 vere gjennomført i norsk rett seinast 31. desember 2008.

4 Gjeldande rett

Allmennaksjelova har reglar om fusjon i kapittel 13. Desse reglane gjennomfører fusjonsdirektivet i norsk rett. Etter § 13-3 skal styra i dei selskapa som skal fusjonere, utarbeide ein felles fusjonsplan. Vedtaket om fusjon blir gjort ved at generalforsamlinga i kvart selskap godkjenner fusjonsplanen med fleirtal som for vedtektsendring. Når fusjonsplanen er ferdig, skal styret i kvart selskap utarbeide ein utførleg, skriftleg rapport om fusjonen og kva den vil innebere for selskapet, jf. § 13-9.

Styret i kvart selskap skal også syte for at det blir utarbeidd ei utgreiing om fusjonsplanen, jf. § 13-10. Ein eller fleire sakkunnige skal utarbeide utgreiinga. Som uavhengig sakkunnig skal ein nytte ein statsautorisert eller registrert revisor, jf. tilvisinga til § 2-6 andre ledd. Andre ledd i § 13-10 har krav til innhaldet i utgreiinga. Det skal mellom anna gå fram kva for framgangsmåtar som er nytta for å fastsetje vederlaget til aksjeeigarane i det overdragande selskapet, om det har vore særlege vanskar ved fastsetjinga av vederlaget, og om vederlaget til aksjeeigarane er grunngitt på ein rimelig og sakleg måte. Allmennaksjelova § 13-10 gjennomfører artikkel 10 i fusjonsdirektivet.

Fusjonsplanen, den sakkunnige utgreiinga og andre saksdokument skal etter allmennaksjelova § 13-12 første ledd bli sende til aksjeeigarane seinast ein månad før generalforsamlinga. Denne føresegna gjennomfører artikkel 11 nr. 1 i fusjonsdirektivet.

Allmennaksjelova kapittel 11 har reglar om fisjon og gjennomfører fisjonsdirektivet i norsk rett. På same måte som ved fusjon er det krav om å utarbeide ein fisjonsplan som generalforsamlinga skal godkjenne, jf. § 14-4 første og andre ledd og § 14-6. Styra skal også utarbeide ein styrerapport og skal syte for at det blir utarbeidd ei sakkunnig utgreiing om fisjonsplanen, jf. § 14-4 tredje ledd, som mellom anna viser til reglane i fusjonskapitlet om styrerapport i § 13-9 og om sakkunnig utgreiing i § 13-10. Dette inneber at det ved fisjon er dei same reglane om sakkunnig utgreiing som det som gjeld ved fusjon. Gjennom tilvisinga til § 13-10 i § 14-4 tredje ledd er artikkel 8 i fisjonsdirektivet gjennomført i norsk rett.

Opninga etter fisjonsdirektivet artikkel 10 for at medlemsstatane kan gjere unnatak frå kravet om sakkunnig utgreiing dersom aksjeeigarane er samde om dette, er ikkje brukt i norsk rett.

Artikkel 9 nr. 1 i fisjonsdirektivet om at saksdokumenta, det vil mellom anna seie den sakkunnige utgreiinga, skal vere tilgjengelege for aksje-

eigarane før generalforsamlinga, er gjennomført i norsk rett gjennom tilvisinga til § 13-12 i § 14-4 tredje ledd.

Reglane om fusjon og fisjon i *aksjelova* er langt på veg dei same som reglane i allmennaksjelova. Det er likevel ein skilnad mellom anna når det gjeld reglane om utgreiing i § 13-10. Etter allmennaksjelova skal ein eller fleire uavhengige sakkunnige utarbeide utgreiinga. Etter aksjelova skal styret utarbeide utgreiinga, men uavhengige sakkunnige skal stadfeste henne. Krava til innhaldet i utgreiinga er likevel dei same.

5 Forslaget i høyringsbrevet

I høyringsbrevet foreslo departementet eit nytt fjerde ledd i allmennaksjelova § 13-10 som slo fast at det ikkje er naudsynt med ei utgreiing om fusjonsplanen eller fisjonsplanen etter reglane i § 13-10 første og andre ledd dersom alle aksjeeigarane er samde om det.

Ei slik endring av reglane om fusjon får også verknad for reglane om fisjon. § 14-4 tredje ledd viser mellom anna til § 13-10. Forslaget om eit nytt fjerde ledd i § 13-10 inneber såleis at det heller ikkje er krav om utgreiing om fisjonsplanen dersom alle aksjeeigarane er samde om det.

Etter forslaget skulle det ikkje gjelde unntak frå reglane i § 13-10 tredje ledd:

«Føreseigna i lovforslaget gjer ikkje unntak frå reglane i § 13-10 tredje ledd. § 13-10 tredje ledd går ut på at utgreiinga for det overtakande selskapet også skal fylle krava som går fram av § 2-6 første ledd eller § 10-2. Forslaget inneber at ein må gjere ei utgreiing etter desse reglane sjølv om aksjeeigarane er samde om at det ikkje er naudsynt med ei utgreiing om fusjonsplanen. Utgreiinga etter tredje ledd har ein annan funksjon enn utgreiinga etter første og andre ledd. Tredje ledd gjeld berre for det overtakande selskapet, og ein må sjå det saman med stiftinga eller kapitalutvidinga i dette selskapet, som skjer etter dei vanlege sakshandsamingsreglane i kapittel 2 eller kapittel 10.»

Direktiv 2007/63/EF gjer det ikkje naudsynt med endringar i aksjelova. I høyringsbrevet foreslo Justisdepartementet likevel det same unntaket i aksjelova § 13-10 som det som vart foreslått i allmennaksjelova § 13-10. Om dette heiter det i høyringsbrevet:

«Fusjonsdirektivet og fisjonsdirektivet gjeld ikkje for aksjeselskap. Endringsdirektivet har

difor heller ikkje noko å seie for desse selskapa. Justisdepartementet foreslår likevel det same unntaket i § 13-10 i aksjelova som det som er foreslått i allmennaksjelova. På same måte som etter allmennaksjelova får ei endring av § 13-10 i aksjelova verknad også ved fisjon, jf. aksjelova § 14-4 tredje ledd. Reglane om utgreiing om fusjonsplanen og fisjonsplanen er ikkje like strenge for aksjeselskapa som dei som gjeld for allmennaksjeselskapa, men Justisdepartementet kan ikkje sjå nokon grunn til ikkje å ta inn det same unntaket i aksjelova. Samtykkje frå alle aksjeeigarane er dessutan meir praktisk i aksjeselskapa sidan dei normalt har færre aksjeeigarar enn allmennaksjeselskapa.»

6 Høyringsfråsegnene

Følgjande høyringsinstansar støttar framlegget om eit nytt fjerde ledd i aksjelova og allmennaksjelova § 13-10 som slår fast at det ikkje er naudsynt med ei utgreiing om fusjonsplanen eller fisjonsplanen dersom alle aksjeeigarane er samde om det: *Nærings- og handelsdepartementet, Norske Finansanalytikeres Forening, Finansnæringsens Hovedorganisasjon, Handels- og Servicenæringsens Hovedorganisasjon, Næringslivets Hovedorganisasjon og Den norske Revisorforening.*

Næringslivets Hovedorganisasjon uttaler:

«Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO) støtter forslaget til endringer i aksjeloven og allmennaksjeloven om unntak fra krav om fusjons- og fisjonsredegjørelse. Gjennomføring av forslaget vil i mange tilfeller gjøre det både enklere og billigere å gjennomføre slike transaksjoner.

Fusjons- og fisjonsredegjørelse i de norske aksjelovene er foranlediget av EU-direktivene, og det er derfor naturlig og fornuftig at de revurderes når EU-direktivene endres. Like-dan er det naturlig og fornuftig å revurdere reglene også i aksjeloven når man revurderer reglene i allmennaksjeloven.

Det er fornuftig at man ved tilpasning til endringsdirektivet velger samme løsning som for grensekryssende fusjoner/fisjoner.»

Den norske Revisorforening uttaler:

«Ut fra hensynet til forenkling for næringslivet støtter vi forslaget om at unntaket også skal få virkning for aksjeselskap. Hensynet til aksjonærene er ivaretatt ved krav om enstemmighet knyttet til ønsket om å benytte seg av unntaket om redegjørelse. Hensynet til kreditorene i

overtakende selskap er, på samme måte som ved stiftelse og kapitalforhøyelse, dekket gjennom at kravet om redegjørelse etter § 2-6 fortsatt blir gjeldende.»

Landsorganisasjonen i Norge går mot framlegget og uttaler:

«LO mener at direktivets formål om å forenkle de administrative byrdene ved fusjon og fisjon må ses i forhold til nytten av en slik rapport som det her er snakk om. LO mener det er en god ordning at uavhengige, sakkyndige skal utarbeide en rapport om fusjons- eller fisjonsplanen. For fagbevegelsen er det en klar fordel at eksterne sakkyndige lager rapporter for å belyse konsekvenser av fusjoner og fisjoner. Det bidrar til mer innsyn, mer åpenhet og dermed bedret medbestemmelsesmulighet for ansattes representanter i styrene. En slik rapport er dessuten en god kvalitetssikring blant annet fordi de uavhengige, sakkyndige har erstatningsansvar knyttet til arbeidet som utføres. LO frykter at å fjerne kravet til en slik rapport vil svekke styrets kompetanse og avskjære dets mulighet til å vurdere konsekvensene av en fusjon eller fisjon.

Ikke minst vil nytten av en utredning som det her er snakk om, være viktig når det gjelder statlige og kommunale aksjeselskaper som også vil omfattes av forslaget. Her vil en ekstern, sakkyndig rapport være sentral som kvalitetssikring av planer som styret har utarbeidet.»

Norske Finansanalytikers Forening peiker på at det i dei store selskapa i praksis vil vere umogeleg å få tilslutning frå alle aksjeeigarane, og at forslaget difor er lite relevant for desse selskapa. Norske Finansanalytikers Forening ber om ei vurdering av om ein kunne ha ein regel om kvalifisert fleirtal i staden for eit krav om at alle aksjeeigarane må vere einige.

Næringslivets Hovedorganisasjon reiser spørsmål om på kva måte ein skal forstå kravet om samtykke:

«Det ene forholdet gjelder formen for samtykke til at redegjørelse ikke utarbeides. Etter vår vurdering bør aksjeeiere kunne gi samtykke formløst; skriftlig, muntlig eller på annen måte. Ordlyden i endringsdirektivet – «enige»/«agreed» – tilsier dette, og for øvrig at «tilslutning» antagelig er en mer presis oversettelse enn «samtykke». Det bør ikke være noen tidsbegrensning for når samtykke kan gis. Manglende samtykke vil kanskje kunne være en slik mangel som er nevnt i asal. § 13-21/§ 14-10 og

asl. § 13-20/§ 14-10, og samtykke bør derfor kunne gis også etter at generalforsamlingen har vedtatt fusjonen/fisjonen. For øvrig får det være opp til selskapet/styret å sikre at man har den tilslutning som er nødvendig for å unnlate å utarbeide redegjørelse, og at man kan dokumentere dette tilstrekkelig. I de danske lovforarbeidene heter det til sammenligning at «Beslutning om, hvordan samtykket skal gives, overlades således til den konkrete bestyrelses vurdering og ansvar.»

Tilsvarende spørsmål tok vi opp i forbindelse med reglene om fusjon og fisjon over landegrensene. I Ot. prp. nr. 78 (2006-2007) kapittel 13 skriver departementet at «det er naturlig å forstå [direktivet] slik at samtykket må være gitt senest en måned før generalforsamlingen skal behandle planen.» Etter vår vurdering er dette ikke noen «naturlig» forståelse; om selskapet for eksempel ved en inkurie har unnlatt å innhente samtykke fra en aksjeeier, vil det – i alle fall avtalerettslig – ikke være noe i veien for at vedkommende senere aksepterer at redegjørelse ikke er utarbeidet. Og om aksjeeiere stemmer for fusjonen/fisjonen uten å ha krevet redegjørelse, må de anses for å ha gitt samtykke.

At selskapet løper en risiko om man ikke har innhentet samtykke fra alle aksjeeierne, er en annen sak, som styret selv må vurdere.

Et annet forhold gjelder hvilke aksjeeiere som skal gi samtykke. Asal./asl. kapittel 13 og 14 gjelder de dokumenter selskapet skal utarbeide i forbindelse med fusjonen/fisjonen, og som skal sendes aksjeeierne. Siden redegjørelsen er en del av saksdokumentene til aksjeeierne, er det naturlig at det er de som eier aksjer ved utsendelsen av saksdokumentene som kan gi samtykke. En som erverver aksjer etter dette tidspunktet, herunder innen generalforsamlingen holdes, kan ikke ha rett til å kreve at redegjørelse skal utarbeides eller skulle vært utarbeidet.»

Vidare tar Næringslivets Hovedorganisasjon til orde for at ein bør setje endringslova i verk så snart den er sanksjonert. NHO går også inn for ein overgangsregel om at det ikkje er krav om utgreiing (når alle aksjeeigarane er samde om det) dersom generalforsamlinga vedtar fusjonen etter at lova er sett i verk.

Brønnøysundregistra meiner ein bør gi reglar som i samband med registreringa av fusjonen eller fisjonen sikrar kontroll med at kravet om tilslutning frå alle aksjeeigarane er oppfylt:

«Slik forslaget til nytt § 13-10 fjerde ledd lyder, oppstilles det ikke noe krav om at selskapet (styret) skal avgi noen erklæring om at vilkåret

for å unnlate å utarbeide sakkyndig redegjørelse – samtykke fra samtlige aksjeeiere – er oppfylt. Etter vårt syn bør slik erklæring følge med når aksjeeierne underrettes etter allmennaksjeloven § 13-12. For å unngå usikkerhet i forbindelse med Foretaksregisterets kontroll av melding om fusjonsplan, bør erklæringen også vedlegges meldingen til Foretaksregisteret.

Brønnøysundregistrene foreslår på denne bakgrunn at departementet, i forslaget til nytt § 13-10 fjerde ledd i allmennaksjeloven, innarbeider et krav om at styret skal avgi erklæring om at unntaket fra kravet til sakkyndig redegjørelse er oppfylt.

Tilsvarende krav foreslås også inntatt i forslaget til nytt § 13-10 fjerde ledd i aksjeloven.»

Til forslaget om ein slik regel uttaler *Næringslivets Hovedorganisasjon* at det kan være praktisk vanskelig å skaffe underskrift frå alle styremedlemene, typisk når dei bor i utlandet. Vidare uttaler NHO:

«Når det ikke er krav til at hele styret skal undertegne meldingen om ikrafttredelse, kan det ikke være nødvendig å pålegge hele styret å avgi en slik erklæring som Brønnøysundregistrene anbefaler.

Vi mener det eventuelt må være nok at den meldingen som sendes i forbindelse med ikrafttredelsen av fusjonen/fisjonen, inneholder opplysning om at aksjeeierne har gitt de nødvendige samtykkene. Dette bør være tilstrekkelig for Foretaksregisterets kontroll.»

7 Departementet sitt syn

Departementet foreslår ei endring av allmennaksjelova § 13-10 i samsvar med framlegget i høyringsbrevet. Forslaget går ut på at paragrafen får eit nytt fjerde ledd som slår fast at det ikkje er naudsynt med ei uavhengig utgreiing om fusjonsplanen etter første og andre ledd dersom alle aksjeeigarane sluttar seg til dette. Regelen vil også ha verknad for fisjon gjennom tilvisinga til § 13-10 i § 14-4 tredje ledd. Ei slik endring er naudsynt etter direktiv 2007/63/EF.

Direktivet gjer det ikkje naudsynt å endre aksjelova. I høyringa går *Landsorganisasjonen i Norge* imot framlegget om endring både av aksjelova og allmennaksjelova fordi organisasjonen meiner utgreiinga etter § 13-10 første og andre ledd er nyttig for mellom anna representantane for dei tilsette i styret. Utgreiinga er etter denne høyringsinstansen sitt syn med på å sikre openskap om fusjonen eller

fisjonen. Til dette vil departementet peike på at utgreiinga etter § 13-10 første og andre ledd berre skal omtale spørsmål om fastsetjinga av fusjons- eller fisjonsvederlaget til aksjeeigarane. Formålet med utgreiinga er å gi aksjeeigarane grunnlag for å vurdere om fusjonsplanen eller fisjonsplanen vil innebere at dei får eit tilstrekkeleg vederlag. Andre reglar i aksjelova og allmennaksjelova sikrar informasjon om andre sider ved fusjonen eller fisjonen, sjå §§ 13-6 til 13-9, § 13-10 tredje ledd og § 13-11. Departementet kan etter dette ikkje sjå at omsynet til openskap om fusjonen eller fisjonen kan vere avgjerande. At aksjelova bør ha det same unntaket som allmennaksjelova, har dessutan fått brei støtte av dei høyringsinstansane som har uttalt seg om spørsmålet. Departementet foreslår på bakgrunn av dette ein ny regel i aksjelova § 13-10 fjerde ledd slik det er gjort framlegg om i allmennaksjelova.

Direktivet opnar ikkje for at ein kan ha eit anna fleirtalskrav enn eit krav om full semje mellom aksjeeigarane for at unntaket skal gjelde, jf. høyringsfråsegna frå Norske Finansanalytikerens Forening. Ein kunne rett nok vurdere eit anna fleirtalskrav for aksjeselskapa, men omsynet bak reglane om utgreiing etter § 13-10, jf. ovanfor, inneber etter departementet sitt syn at det bør vere eit krav om at alle aksjeeigarane må slutte seg til at ein ikkje skal ha ei utgreiing om fusjons- eller fisjonsvederlaget.

I lovforslaget har departementet likevel ikkje utforma regelen i aksjelova heilt på same vis som regelen i allmennaksjelova. For allmennaksjeselskapa krev direktivet at «alle aksjonærer og innehavere av andre verdipapirer som gir stemmerett i *hvert enkelt selskap som er berørt av fusjonen*», sluttar seg til. Det skal etter dei vanlege reglane vere ei utgreiing for kvart selskap, jf. fusjonsdirektivet artikkel 10 og fisjonsdirektivet artikkel 8, og ein kan tenkje seg at aksjeeigarane i eitt selskap vil ha utgreiing for sitt selskap, medan aksjeeigarane i det andre selskapet sluttar seg til at ein ikkje skal ha utgreiing for dette selskapet. Men etter ordlyden er det ikkje klart at ein kan forstå dei nye reglane i direktivet på denne måten. Ordlyden taler vel snarare for at dersom ein skal gjere unntak frå plikta til å lage ei utgreiing, må alle aksjeeigarane i alle dei selskapa som tar del i fusjonen eller fisjonen, slutte seg til.

Ein må utforme regelen i allmennaksjelova slik den er utforma i direktivet. I aksjelova foreslår departementet derimot ei anna utforming på dette punktet. Etter departementet sitt syn må aksjeeigarane i selskapa som tar del i fusjonen eller fisjonen, kunne ha ulik oppfatning av om dei vil ha utgreiing for sitt selskap eller ikkje, slik at det blir utarbeidd utgreiing for det eine selskapet, men ikkje for det andre. I aksjelo-

va er det etter dette foreslått som eit krav for å gjere unnatak etter fjerde ledd at «samtlige aksjeeiere i selskapet» er einige. I allmennaksjelova gjeld unnataket dersom «samtlige aksjeeiere i selskapene som deltar i fusjonen», sluttar seg til dette.

Næringslivets Hovedorganisasjon har under høyringa reist fleire spørsmål om aksjeeigarane sitt samtykkje. For det første har NHO tatt opp spørsmålet om på kva måte dette skal kome til uttrykk. Lova stiller ikkje formkrav. Aksjeeigarane må difor kunne slutte seg til skriftleg, munnleg eller på annan måte.

Når det gjeld tidspunktet for tilslutninga frå aksjeeigarane, meiner departementet at det er naturleg å forstå direktivet slik at tilslutninga i utgangspunktet skal ligge føre seinast ein månad før generalforsamlinga. Det er på dette tidspunktet fusjonsplanen, utgreiinga og dei andre fusjonsdokumenta skal sendast aksjeeigarane etter dei vanlege reglane, jf. artikkel 11 i fusjonsdirektivet og allmennaksjelova § 13-12. Dette la departementet også til grunn i Ot.prp. nr. 78 (2006-2007) i samband med gjennomføringa i norsk rett av den tilsvarende regelen i direktiv 2005/56/EF om fusjon over landegrensene, jf. allmennaksjelova § 13-28 fjerde ledd. Dette vil etter det departementet kan sjå også vere det mest praktiske. Det vil vere risikabelt å vente så lenge som til generalforsamlinga med å få avklart om alle aksjeeigarane er einige i at ein ikkje skal ha ei sakkunnig utgreiing. Er det nokon av aksjeeigarane som ikkje er samde i dette, må ein starte på nytt, og styret må innkalle til ny generalforsamling.

Ein kan truleg likevel ikkje lese direktivet slik at det ikkje er høve til å ta imot samtykkje frå ein eller fleire aksjeeigarar etter dette tidspunktet dersom dei ved ein feil eller av andre grunnar ikkje er spurt tidlegare.

At ein skal sjå det slik at aksjeeigarane har gitt samtykkje dersom dei stemmer for fusjonen eller fisjonen utan å krevje utgreiing etter § 13-10 første og andre ledd, jf. høyringsfråsegna frå Næringslivets Hovedorganisasjon, kan departementet ikkje slutte seg til. Det ligg i kravet om samtykkje at aksjeeigarane uttrykkeleg må ta stilling til spørsmålet, og at dei ikkje kan bli bundne av passivitet.

Som Næringslivets Hovedorganisasjon peiker på, må det vere tilstrekkeleg at dei som eig aksjar på det tidspunktet ein etter dei vanlege reglane skulle ha utarbeidd saksdokumenta, sluttar seg til at ein ikkje skal ha utreiing etter § 13-10 første og andre ledd. Blir ein aksje overført til ein ny eigar før generalforsamlinga, kan ikkje den nye aksjeeigaren krevje utgreiing.

Når det gjeld høyringsfråsegna frå Føretaksregisteret om kontrollen med om det ligg føre

samtykkje etter § 13-10 nytt fjerde ledd, er departementet einig med Næringslivets Hovedorganisasjon i at det ikkje skulle vere naudsynt med ein regel om at styret må gi ei erklæring om at unnataket frå kravet om utgreiing er oppfylt. Det må vere tilstrekkeleg at den meldepliktige etter foretaksregisterlova § 4-2 opplyser om at aksjeeigarane har gitt samtykkje. Stemmer det ikkje at aksjeeigarane har gitt samtykkje etter fjerde ledd, kan det føre med seg at det blir reist sak for domstolane med påstand om at fusjonen eller fisjonen ikkje er gyldig, jf. aksjelova § 13-19, allmennaksjelova § 13-20 og § 14-10 i dei to lovane. Dette bør gi den meldepliktige tilstrekkeleg oppfordring til ikkje å gi uriktige opplysingar til Føretaksregisteret, og det bør gi selskapet eller styret tilstrekkeleg oppfordring til å kunne dokumentere at kravet om samtykkje er oppfylt.

8 Økonomiske og administrative konsekvensar

Lovforslaget inneber ei forenkling av reglane om fusjon og fisjon og vil såleis ha positive økonomiske og administrative konsekvensar for næringslivet.

Lovforslaget gjeld privatrettslege reglar og vil ikkje ha nemnande økonomiske eller administrative konsekvensar for det offentlege. Føretaksregisteret kontrollerer meldingar om fusjon eller fisjon og vil i samband med dette måtte ta stilling til om vilkåret for å gjere unnatak frå kravet etter aksjelova og allmennaksjelova § 13-10 nytt fjerde ledd er oppfylt. Dersom den meldepliktige opplyser om at det ligg føre samtykkje frå aksjeeigarane, og det ikkje er opplysingar i saka som tyder på noko anna, må Føretaksregisteret kunne leggje dette til grunn. Det er difor ikkje tale om nokon omfattande kontroll frå Føretaksregisteret si side.

9 Merknader til lovforslaget

Til aksjelova § 13-10

Departementet foreslår eit nytt fjerde ledd i § 13-10 som inneber at det ikkje er naudsynt å utarbeide ei utgreiing om fusjonsplanen etter første og andre ledd dersom alle aksjeeigarane i selskapet er samde om dette.

Kravet om samtykkje er omtalt nærmare i punkt 7. Som det er gjort greie for der, skil ordlyden i forslaget til nytt fjerde ledd i aksjelova seg frå ordlyden i allmennaksjelova. Ordlyden i aksjelova gjer det klart at det er nok at aksjeeigarane i

det einskilde selskapet er samde for at ein kan la vere å utarbeide utgreiing for dette selskapet, sjå punkt 7.

Som det går fram av punkt 5, kan ikkje aksjeeigarane ved å gi samtykkje gjere unnatak frå kravet i § 13-10 tredje ledd. Utgreiinga etter denne fråsegna skal sikre dokumentasjon om verdiane som bli overført frå det overdragande selskapet til det overtakande selskapet. Utgreiinga av dette har interesse for fleire enn aksjeeigarane, mellom anna fordringshavarane.

Til allmennaksjelova § 13-10

Også i allmennaksjelova foreslår departementet eit nytt fjerde ledd i § 13-10. Om skilnaden mellom

forslaget i allmennaksjelova og forslaget i aksjelova, sjå merknaden til aksjelova § 13-10. For allmennaksjeselskapa er endringa naudsynt etter direktiv 2007/63/EF.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringer i aksjelova og allmennaksjelova.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringer i aksjelova og allmennaksjelova i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til lov om endringer i aksjelova og allmennaksjelova

I

I lov 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskaper (aksjeloven) skal § 13-10 nytt fjerde ledd lyde:

(4) Kravene i første og annet ledd gjelder ikke dersom samtlige aksjeeiere i selskapet samtykker til dette.

II

I lov 13. juni 1997 nr. 45 om allmennaksjeselskaper (allmennaksjeloven) skal § 13-10 nytt fjerde ledd lyde:

(4) Kravene i første og annet ledd gjelder ikke dersom samtlige aksjeeiere i selskapene som deltar i fusjonen, samtykker til dette.

III

Lova tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset.

Lova gjeld for vedtak om fusjon eller fisjon som generalforsamlinga eller styret treffer etter iverksetjinga av lova.